



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534 Vår referanse: 16/41153-2 Deres referanse: Vår dato: 15.03.2016

Fylkesveg 404 og 402 i Lindås kommune – Utfordringar knytt til vegdekke

Representanten Astrid Byrknes i Miljø- og samferdselsutvalget i Hordaland fylkeskommune har stilt følgjande spørsmål til Statens vegvesen:

Eg ynskjer å få ein vurdering av desse tilstandane på fylkesveg 402 og 404, Seim – Feste kai. Behova for utbetringane er ikkje er på lista over Punktutbetring så ber eg allikevel om at dette vert vurdert med andre midler. Strekninga blir omtala som svært dårleg av brukarar mellom anna i e-postkorrespondanse med Elisabeth Mehl Winge. Eg veit at strekninga er dårleg, men at det er så gale som denne mora beskriv det visste eg ikkje. Ho viser også til skoleskyssen og bussmateriellet som ikkje passar inn.

Det er ikkje lagt inn midlar til dekkefornyng for strekninga i inneverande dekkeleggingsprogram til Hordaland fylkeskommune, og strekninga er heller ikkje prioritert i høve til fylkeskommunen sine punktutbetringstiltak. Strekninga ligg ikkje på det overordna fylkesvegnettet.

Statens vegvesen har vore på befaring på strekninga Fv. 402 og 404 den 3. mars 2016 i samband med innkomne klager på kvaliteten til vegdekket.

Statens vegvesen vurderar arbeidet som er utført på strekninga som i henhold til kontrakt. Nokre parti har avskalling av dekke, men ikkje slaghol. Strekninga Tofte – Feste kai er det strekket med dårlegast kvalitet med mykje lapping – strekninga har behov for nytt dekke.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,
5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.